



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 09.09.2020

Møtetid:

Kl. 10.00 - 12.00

Møtestad: Møterom Vikadalen

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Heidi Mørkrid	
Karin Moen	
Patricia Seglem Lægreid	
Øystein Jarle Wangen	
Line Hillestad	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Dag Audun Strand			

Møteleiar:	Øystein Jarle Wangen
Frå adm. møtte:	Sekretær: Lene Risløw
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Underskrifter:

Line Hillestad (AP)

Heidi Mørkrid

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
009/20	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll	
010/20	Høyring - forslag til ny forskrift for transportordninga for funksjonshemma i Vestland	Ikkje offentleg
011/20	Invitere Aktivitør/Tildelingskontoret	
012/20	Ymse	
013/20	Utfordringar som rullestolbrukar i Årdal kommune	

009/20: Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

09.09.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Kområd- 009/20 Vedtak:

Ingen kommentarer til innkallinga.

Protokollen underskrivast av Line Hillestad og Heidi Mørkrid

010/20: Høyring - forslag til ny forskrift for transportordninga for funksjonshemma i Vestland

09.09.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Skrivet nemner at KS skal vera med i høyringa, men ingenting om KS ellers i dokumentet eller vedlagt.

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å gå for alternativ 2 og meiner sakshandsaming skal gjerast lokalt. Vi bygger dette på følgjande: Lokal sakshandsamar kjenner lokal geografi og den enkelte søkjar/brukar og kan såleis sikre effektiv, rettvis og rask handsaming av søknadar. Dette er ikkje ressurskrevjande for kommunen.

Nærleik gjev tryggleik for brukarane når dei treng å hjelp med ordninga.

Dette skal gå til gjennomlesing i rådet.

Kområd- 010/20 Vedtak:

Kjem opp på neste møte for endeleg vedtak av uttale.

011/20: Invitere Aktivitør

09.09.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Birgit Onsum deltek på møtet og fortel om kvardagen sin. Stoppa opp i Mars, men startar opp att fyrstkommande måndag (14.09.20). Har vore nytta på eine avdelinga på Seimsdalen sjukeheim.

Populære aktivitetar er:

Musikk, dans, sitjedans, bingo, høgtlesing, turgåing, handarbeid tilpassa brukarens emne. Høner i sansehagen på Tangen. Grilling, bålpanna, rydding i hagen, elsykkelen (men i Seimsdalen er bakken likevel tung).

Koronarestriksjonane er framleis i kraft. Strenge krav i Seimsdalen.

Etterlyse WiFi på sjukeheimane. (Tek dette inn i Digital samling 2. oktober.)

Kområd- 011/20 Vedtak:

Saka er teke til viten.

012/20: Ymse

09.09.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Line Hillestad ynskje å ta opp mangel på handykappa toalett i Årdalshallen og friluftsbada. Spesielt er handykapp garderoben i Øvre Årdal friluftsbad blitt lagringsplass. Purra på Mette ang saka om garderobe og toalett i Årdalshallen. Sende mail til Frank Runar ang å rydda handykapptoaletten i friluftsbadet i Øvre Årdal.

Kområd- 012/20 Vedtak:

Saka er teke til viten.

013/20: Utfordringar som rullestolbrukar i Årdal kommune

09.09.2020 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Terje Moe deltok i møtet og fortel kva opplevingar han og kona har hatt sidan ho blei pleietrengande.

Skyvedører går for fort att for personar som har redusert fart.

Der er stadar ein kjem ned men ikkje opp, ikkje ned men opp og ofte må ein ta omvegar.

Rullestol brukarar får sjeldan ta raskaste veg til målet. Hindringane er sjeldan større enn at dei truleg lett kan fiksast.

Kommunen må tenka på alle versjonar av rullestolar, rullatorar, synshemma, bevegelseshemma m.m.

Kområd- 013/20 Vedtak:

Kommunalt råd ynskjer å laga ein uttale og sende til Tekniske tenester v/Bjørn Indrebø og Teknisk utval (Mats Lindborg og Laila Røneid), kopi Årdal tenk tryggleik og Ergoterapeuten:

"Kommunalt råd visar til kopi av mail som har gått til Teknisk ved Bjørn Indrebø som gjeld utfordringar brukargruppa vår har med å komma seg frå A til Å rundt om i Kommunen.

Me er klar over at kommunen snart skal gjere vedlikehald av vegstandarden, start 21. september, og kommunalt råd håpar ein del utbedring kan gjersast med enkle grep for denne brukargruppa.

Me sende kopi til ergoterapi (då dei var med i tidlegare gjennomgong av kommunen) og til Årdal tenk tryggleik då rullestolbrukarar er å rekna som gåande i trafikken (mjuke traffikantar).

Medlemmar i Kommunalt rådet ynskjer veldig gjerne å delta på befaring og eventuelt prioritering av utbedringspunkt."